

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.05.2017**

«Intensjonsavtale for konsolidering mellom Stiftelsen Museum Vest (MV) og Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum (BSJ)» vart delt ut i møtet (ettersendt vedlegg).

**Kjell Håland (A)** sette på vegner av A, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 4:

Fylkestinget viser til at ei avklaring om auka driftstilskot vert å koma attende til i budsjetthandsaming og vedtak om budsjett 2018 i fylkestinget i desember.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1, 2 og 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Håland sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget tek intensjonsavtalen om konsolidering mellom Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum til vitande.
2. Fylkestinget er positiv til tingingane mellom Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum, og meiner at samanslåinga vil gje eit sterkare museumsfagleg fokus på Vestlandet si historie knytt til kyst og hav, og er eit viktig bidrag i den nasjonale satsinga på den marine næringsklynga.
3. Fylkestinget vil ta avtalen mellom institusjonane opp til handsaming når denne ligg føre hausten 2017.
4. Fylkestinget viser til at ei avklaring om auka driftstilskot vert å koma attende til i budsjetthandsaming og vedtak om budsjett 2018 i fylkestinget i desember.